

Boknemnda for Nordhordlandsbrua  
 v/Johannes H. Fosse  
 Sagstadvegen 55,  
 5918 Frekhaug  
 Tlf. 909 944 16

Frekhaug 14. mare 2019.03.14

Meland Kommune  
 Kulturstyret v/ Erik Utne,  
 Meland Rådhus,  
 5918 Frekhaug.

Søknad om kulturmidlar.

I år i september er det 25 år sidan Nordhordlandbrua vart opna for trafikk. Reknar med at ei så stor og viktig hending, spesielt for Nordhordland, men og for Vestlandet, vert markert på ymse vis. Til bruopninga i 1994 vart det laga ei bok med heile historia frå alt arbeid som gjort frå 1958 til 1994, for å få fast samband med bru over Salhusfjorden.

Det er no skipa ei Boknemnd for Nordhordlandsbrua, som har eit arbeidsmål, å få trykt oppatt boka om Nordhordlandsbrua, med eit vedlegg – kva brua har hatt å seia for utviklinga av Nordhordland i desse åra.

I nemnda er: Rune Brundtland, Einar Vatne, Paul Scholz og Johannes H. Fosse. Me har fått eit overslag på kostnader med oppatt trykking av boka med tillegg av vedlegg – 25 år med bru.

Me har rekna med eit opplag på 2000 bøker til samla kostnad kr. 45.000.

Me tillet oss å søkja Meland kommune om eit tilskot på kr. 15.000.

Kommunen vil då få tildelt 100 eksemplar fritt, og kan rekna med rabatt på pris om dei vil kjøpa boka til utdeling o.l.

Me er klar over at det er ein søknadsfrist for å få tildelt kulturmidlar for 2019, men på grunn av at eindel utgreiings arbeid seinka oss, vart ikkje søknaden ferdig til rett tid. Me vonar likevel at de kan finna ei løysing for oss.

Etter vår meining har boka ei verdfull samling av informasjon om samferdsle i Nordhordland og verknaden av 25 år med flytebru.

Treng de meir informasjon, står me til teneste.

Med vennleg helsing

Brunemnda for Nordhordlandsbrua

Johannes H. Fosse

As: Søkt Linnås  
 Kommune om kr. 15000  
 kr 5000 på boksal